

Landbruksdirektoratet  
Postboks 56

7701 Steinkjer

[postmottak@landbruksdirektoratet.no](mailto:postmottak@landbruksdirektoratet.no)

sak24/83140

## Høringsinnspel på Strategi for forvaltning av hjortevilt

Fusa Bondelag har tilliks med Midthordland skogeigarlag gått gjennom Strategi for forvaltning av hjortevilt som er lagt ut på høring. Vi har festa oss ved nokre punkt som vi kjem med direkte innspel på. I årsmøtet i Fusa bondelag var «Strategien» som er på høring drøfta, og forhold som vedkjem beiting av hjort på innmark er teke inn i høringssvaret som vert gjeve.

Til slutt kjem vi med ei samanfating som omhandlar at «Strategien», slik den no føreligg, har ei noko einsidig og uheldig utforming, og som vi meiner tilseier at det må gjerast ein del gjennomgripande endringar av for å verta betre i samsvar med FoU-arbeid i Noreg som vedkjem beiteskade av hjort på innmark og skog. Denne delen er ufullstendig omtala. Potensiale for inntekter frå jaktsal med meir er omtala og vist til med litteraturtilvising, beiteskade på innmark og skog er generelt omtala og ikkje sett i samanheng med inntektstap/kostnader og aktuell litteraturtilvising.

s. 5 nedst på sida: *Hjortevilt som næring* ---- som sikrer robuste bestander.

Tillegg: i eit omfang som gjer at beiteskade på innmark og skog (produksjonsskog og ROS-artar) ikkje er urimeleg stort.

s. 13 første tekstavsnitt andre linje. Tillegg: Bestandsauke av hjort i dei store hjortefylka, kystfylka f.o.m. Rogaland t.o.m. Sør-Trøndelag, har sidan sist på 1990-talet vore så stor at det har ført til «uromelding» formulert i «Hjortevilt 1991-2011. Oppsummeringsrapport fra Overvåkningsprogrammet for hjortevilt» (Solberg et al. 2010), og til fokus på beiteskade på innmark (Thorvaldsen & Rivedal 2014) og skog (Øpstad et al. 2022).

s. 14 *Landbruk*. Andre tekstavsnitt, andre linje, endring og tillegg: I mange granplantefelt er skuddbeiting og opprykking av planter, og senere barkgnaging et stort problem, med påfølgende verditap. Problemet, særlig med skuddbeiting, er i områder med stor tetthet av hjort så omfattende at det kan vere vanskelig å etablere og oppnå en tilfredstillende framtidsskog (Øpstad et al. 2022). Det kan redusere skog sitt framtidige omfang av å binde CO<sub>2</sub>, i tillegg til økonomisk side. Samtidig kan økt satsing på virkesproduksjon og karbonbinding i skogsområdene føre til redusert habitatkvalitet for hjorteviltet. For hjort i Vestlandfylkene blir det ikke vurdert som et problem, da gran utgjør en liten del av samlet skogdekt areal, og terreng- og høgdegradient i tillegg til jordkvalitet sikrer

variasjon med omsyn til vegetasjon og beitegrunnlag. Bestandsskogbruket har medvirket til bedre skjul og ly for hjorten, og meirproduksjon av preferert føde, m.a. av ROS – arter ved økt tilbud av høgproduktive hogstflater (Solberg et al. 2012).

### **Generell samanfattande kommentar:**

Slik den føreligg og sendt ut på høyring, har «Strategi for forvaltning av hjortevilt» for lite vektlegging av biologisk forvaltning. Sett frå Vestlandet, der hjort ofte har hovudfokus, er minussida ved ein for stor bestand lite og ufullstendig omtala. Dette gjeld både beiteskade på innmark og skog, og tettleiksavhengige utviklingstrekk i hjortebestanden.

#### **5. Hjortevilt som næring**

Slik kapitlet er skriva, er det lagt ein-sidedig vekt på det økonomisk positive, utan at det økonomisk negative for jord- og skogbruk, - beiteskade på innmark og beiteskade på skog (både skotbeiting og borkgnag på produksjonsskog, overbeiting på ROS-arter, skadeleg beiting på edellauvskog) kjem fram som ein kostnadspost i omtalen og «reknestykkja» eller omtala som økologisk uheldig.

I *Strategi for forvaltning av hjortevilt* er det ikkje omtale eller vist til FoU-arbeid som vedkjem beiteskade på innmark og skog, uheldig/skadeleg beiteomfang på ROS-arter og edellauvskog. Det er ein del FoU-arbeid i Noreg knytt til innmark og skog som synleggjeromfang og kostnader/tap.

Thorvaldsen og Rivedal (2014) fann at det var størst beiteskade/reduksjon av avling i ny- og yngre eng. Reduksjon av avling i ny eng på Vestlandet med stor tettleik av hjort var 20-30 %. I eldre eng, og i varig eng, var reduksjon i avling mindre, til dels vesentleg mindre og med stor variasjon mellom stader. Beiteskade i eng viser samanheng med nærleik til skog. I granskinga av beiteskade i skog (Øpstad et al. 2022) auka sannsynet for større beiteskade i skog ved nærleik til eng/innmark. Avlingsreduksjonen i eng er ikkje berre det hjort beitar i vekstsesongen. Omfattande beiting på eng gjennom haust- vinter-tidleg vår medverkar til større avlingsreduksjon. Det skjer då ei tidlegare aldring av eng, ved at yterike sådde grasartar går tidlegare ut og vert erstatta av mindre yterike «villgrasartar» og ugras. Nyleg slutført forskning i prosjektet Agri Deer, med feltregistreringar gjort i Møre og Romsdal, har dokumentert at hjort hentar ein vesentleg del av fôrgrunlaget sitt på innmark. Registrert avlingsreduksjon i eng, som eit snitt i dei mange registreringsfelt (57) var 17 % i fyrste slått og 7,3 % i andre slått ( Unsgård et al.2025).

Å føreta reduksjon av hjortebestanden til eit meir berekraftig nivå må vera eit mål i forvaltninga av hjort. Samstundes at grunnleggjande mål i avskytinga er å hausta slik at ein byggjer ein hjortebestand med høgare gjennomsnittsalder på produksjonsdyra, både koller og bukk. Det vil gje grunnlag for tidlegare fødde kalvar, som og er større ved fødsel og har større vekstpotensial gjennom sommaren (dette siste er bra omtala i utsendt høyringsdokument).

Ei kondisjonsmessig betring av hjortebestanden i dei hjortetette områda er eit viltøkologisk mål, og har samanfall med mål om redusert skadeomfang, og tap, av beiting på innmark og skog

I det som vert vedteke etter høyringsinnspel, må det som ei heilskapsvurdering vera omtale av, og avveging av, kostnader/tap og uheldige forhold, ikkje berre det som vert sagt og vist til som positivt potensiale. Einskildbrukarar, som er aktive næringsutøvarar innanfor jord- og skogbruksnæring må bere kostnadssida.

#### Litteraturlisting:

Solberg, E. J., Strand, O., Veiberg, V., Andersen, R., Heim, M., Rolandsen, C. M., Holmstrøm, F., Solem, M. I., Eriksen, R., Astrup, R. 2010. Hjortevilt 2009. Årsrapport fra Overvåkningsprogrammet for hjortevilt. NINA Rapport 584 ISBN: 978-82-426-2161-0. 77 s.

Solberg, E. J., Strand, O., Veiberg, V., Andersen, R., Heim, M., Rolandsen, C. m., Langvatn, R., Holmstrøm, F., Eriksen, R., Astrup, R., Ueno, M. 2012. Hjortevilt 1991 – 2011. Oppsummeringsrapport frå Overvåkningsprogrammet for hjortevilt. NINA Rapport 885. 139 s. + vedlegg.

Thorvaldsen, P., Rivedal, S. 2014. Kostar hjorten meir enn han smakar? Del 2. Skader og skadeomfang av hjortebeiting i fulldyrka eng. Bioforsk Rapport. Vol. 9 Nr. 172 2014 28 s.

Unsgård, E., Meisingset, E. L., Rivrud, I. M., Fosslund, G. M., Thorvaldsen, P., Veiberg, V., Mysterud, A. 2025. An experimental assessment of biomass loss due to red deer (*Cervus elaphus* L.) grazing on agricultural grass meadows in Norway. *European Journal of Wildlife Research* (2025) 71:1 15p.

Øpstad, S., Hysten, G., Meisingset, E. 2022. Beiteskade av hjort i foryngingsfelt og ung produksjonsskog av gran og furu. Områdebruk og forvaltningstiltak for å redusera skadeomfang. NIBIO Rapport. Vol. 8 Nr. 39 2022 97 s. + vedlegg